

KOMMISJONSVEDTAK**2001/EØS/26/13****av 3. september 1998****om ei felles teknisk forskrift om det jordbaserte telekommunikasjonssystemet for fly (TFTS) (*)***[meldt under nummeret K(1998) 2378]***(98/535/EF)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 98/13/EF av 12. februar 1998 om teleterminal- og satellittjordstasjonsutstyr, herunder gjensidig godkjenning av utstyrets samsvar⁽¹⁾, særleg artikkel 7 nr. 2 andre strekpunktet, og

ut frå desse synsmåtene:

Kommisjonen har vedteke eit tiltak for å klarleggje kva type teleterminalutstyr som ei felles teknisk forskrift bør omfatte, og den tilhøyrande fråsegna om verkeområdet for forskrifta i samsvar med artikkel 7 nr. 2 første strekpunktet.

Dei tilsvarande harmoniserte standardane eller delar av dei som dei grunnleggjande krava skal gjennomførast ved hjelp av, og som skal gjerast om til felles tekniske forskrifter, bør vedtakast.

For å sikre at marknadstilgangen vert halden ved lag for produsentar, er det naudsynt å fastsetje overgangsføresegner for utstyr som er godkjent i medhald nasjonale forskrifter for typegodkjenning.

I samsvar med artikkel 29 nr. 2 er framlegget lagt fram for Utvalet for godkjenning av teleterminalutstyr (ACTE).

Den felles tekniske forskrifta som er vedteken i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå ACTE –

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

1. Dette vedtaket skal nyttast på terminalutstyr som er meint for tilkopling til eit offentleg telenett, og som fell inn under verkeområdet for den harmoniserte standarden som er nemnd i artikkel 2 nr. 1.

2. I dette vedtaket er det fastsett ei felles teknisk forskrift som omfattar tekniske spesifikasjonar, krav til elektrisk og mekanisk grensesnitt og protokollen for tilgangskontroll for terminalutstyr som kan og som produsenten eller representanten for produsenten har meint skal nyttast i det jordbaserte telekommunikasjonssystemet for fly (TFTS).

Artikkel 2

1. Den felles tekniske forskrifta skal femne om den harmoniserte standarden som det rette standardiseringsorganet har utarbeidd, og som dei grunnleggjande krava i artikkel 5 i direktiv 98/13/EF så langt råd skal gjennomførast ved hjelp av. Tilvisinga til standarden er oppført i vedlegget.

2. Terminalutstyr som dette vedtaket omfattar, skal vere i samsvar med den felles tekniske forskrifta som er nemnd i nr. 1, og skal stette dei grunnleggjande krava som er nemnde i artikkel 5 bokstav a) og b) i direktiv 98/13/EF, og krava i andre direktiv som gjeld for utstyret, særleg rådsdirektiv 73/23/EØF⁽²⁾ og 89/336/EØF⁽³⁾.

Artikkel 3

Når det gjeld terminalutstyr som kjem inn under artikkel 1 nr. 1 i dette vedtaket, skal dei melde organa som er peika ut til å gjennomføre dei rutinane som er nemnde i artikkel 10 i direktiv 98/13/EF, nytte den harmoniserte standarden som er nemnd i vedlegget, eller syte for at han vert nytta, etter at dette vedtaket har teke til å gjelde.

(*) Denne fællesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 251 av 11.9.1998, s. 36, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 29/2000 av 31. mars 2000 om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fællesskapa nr. 27 av 15.6.2000, s. 7.

⁽¹⁾ TEF L 74 av 12.3.1998, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 77 av 26.3.1973, s. 29.

⁽³⁾ TEF L 139 av 23.5.1989, s. 19.

Artikkel 4

1. Nasjonale forskrifter for typegodkjenning av utstyr som fell inn under verkeområdet til den harmoniserte standarden som er nemnd i vedlegget, vert oppheva tre månader etter at dette vedtaket har teke til å gjelde.

2. Terminalutstyr som er godkjent i samsvar med slike nasjonale forskrifter for typegodkjenning, kan framleis marknadsførast på den nasjonale marknaden og takast i bruk.

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 3. september 1998.

For Kommisjonen

Martin BANGEMANN

Medlem av Kommisjonen

*VEDLEGG***Tilvising til den gjeldande harmoniserte standarden**

Den harmoniserte standarden som er nemnd i artikkel 2 i dette vedtaket, er:

Electromagnetic compatibility and radio spectrum matters (ERM); terrestrial flight telecommunications system (TFTS); technical requirements for TFTS

[Spørsmål som gjeld elektromagnetisk kompatibilitet og radiofrekvensar (ERM); jordbasert telekommunikasjonssystem for fly (TFTS); tekniske krav til TFTS]

ETSI

Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar

ETSI-sekretariatet

TBR 23: mars 1998

(utan forordet)

Tilleggsopplysningar

Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar er godkjent i medhald av rådsdirektiv 83/189/EØF⁽¹⁾.

Den harmoniserte standarden som er nemnd ovanfor, er utarbeidd i medhald av eit mandat som er gjeve etter dei aktuelle framgangsmåtane i direktiv 83/189/EØF.

Den fullstendige teksta til den harmoniserte standarden som er nemnd ovanfor, kan skaffast frå:

Det europeiske standardiseringsinstituttet
for telekommunikasjonar
650, Route des Lucioles
F-06921 Sophia Antipolis Cedex

Europakommisjonen
DG XIII/A/2 – (BU 31, 1/7)
Rue de la Loi/Wetstraat 200
B-1049 Brussel

eller frå andre organisasjonar som har ansvaret for formidling av ETSI-standardar. Ei liste over desse organisasjonane er å finne på Internett under adressa www.ispo.cec.be.

⁽¹⁾ TEF L 109 av 26.4.1983, s. 8.